



Leiar i Senterpartiet i Kvinnherad, uskedelingen Elin Legland, har i dag vore vertinne for olje- og energiminister og partifelle Ola Borten Moe. Det var ho som hadde invitert han til Husnes på vegne av lokalpartiet og dei andre frå partiet som representerte lokalpartiet var ordførarkandidat Knut Prestnes, Nils Magne Kloster og Gunnar Våge. Forslaget om eit småkraftutval som vart lagt fram av Hans Reidar Kjærland under valmøtet kvelden før vart formidla av Legland til statsråden og andre utan at det vart tid til nærare drøfting.

Statsråden sa at regjeringa har brukt mykje tid på å levelege vilkår for SØRAL. Men til HusnesNett kunne han ikkje seie noko om kva tid EU kjem med det avgjerande svaret om verket sin framtid. Alt avheng av kva som skjer i Brussel.

Dei som fekk småkraftforslaget var statsråden, Kvinnherad Energi, SKI Energiteknikk og Småkraftforeninga, Alle var interesserte i å tenkje meir rundt eit slikt utval med folk frå næringa og politikarar der ein kunne formidla informasjon til kontaktnett i ulike miljø.

På biletet over er statsråden flankert av Elin Legland og Knut Prestnes. etter møta på aluminiumsverket.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen